




Nordhordland industriservice as

Nordhordland Industriservice a.s

Årsmelding med rekneskap 2013





Innhald

Verksemda i 2013	2
Dei fast tilsette 2013	3
Styret og styret sitt arbeid.....	4
Generalforsamlinga 2013	6
Attføringsmeldinga 2013.....	7
Budsjett 2014	10

Vedlegg

Styret

Rekneskap

Vedtekter



Verksemnda i 2013

Nordhordland Industriservice a.s (NIS) er ei arbeidsmarknadsbedrift som har som hovudoppgåve attføring av yrkeshemma. Selskapet har kontor i eige bygg på Olsvollstranda i Radøy kommune. Hovudverksemnda er knytt til mekanisk produksjon (Olsvollstranda) og ei rekkje attføringstiltak/kurs (avdelinga Back to Business i Eidsvåg).

Det har i løpet av året vært naudsynt å tilsette fleire medarbeidarar i avdeling Back to Business. Dette blant anna grunna i krav frå NAV om kor mange tilsette som skal jobba med dei einskilde tiltaka, samt at fleire av dei fast tilsette har slutta i løpet av året. Det har i 2013, som tidlegare, vore til dels høg aktivitet i tiltaka. Dette har, kombinert med at verksemnda også i år har måtte tilsette nye medarbeidarar, vorte særskild utfordrande. Terje Crowo har fram til 02.09.13 fungert som konstituert dagleg leiar. Arve Vange blei tilsett som ny dagleg leiar frå 02.09.13. Vange kommer frå Rieber konsernet, der han har hatt ei rekkje ulike roller.

NIS har sidan september 2013 vore gjennom ein omfattande omstrukturingsprosess, der verksemnda har fått etablert eit nytt ledelsessystem. Prosessen har vore krevjande, men naudsynt i hen hold til å få på plass ein tilfredsstilland organisasjonsstruktur.


Etterspurnaden etter maskinerte artiklar sank merkbart i 2009, og omsetninga er framleis låg samanlikna med åra før dette. Dette vart spesielt merkbart i starten av 2013. Resultatet i verkstaden betra seg imidlertid utover i året, men har på ingen måte kome opp på nivået før 2009. Generelt har det vore vakante tiltaksplassar i verkstaden, noko organisasjonen har jobba systematisk med å få fylle opp, då det er trong for fleire fagarbeidarar i CNC-faget i næringslivet i Hordaland. Det har likevel vist seg å være vanskeleg å fylle opp tiltaksplassane i verkstaden. Dette gjeld ikkje berre spesielt for NIS, men ein har sett ein generell nedgang i talet på plasser i tiltaka KIA og TIA for heile Hordaland. Dette skyldas dels generelt lav innsøking i tiltaket frå NAV, samt at arbeidsmarknaden innan dette yrket er så god, at personer med kompetanse innan fagfeltet får seg jobb før dei kjem til oss.

Den økonomiske situasjonen i 2013 har også vore krevjande. Administrasjonen har arbeida med ulike løysingar for å betra situasjonen og desse vil verta presenterte i 2014. Verksemnda har planlagt å starte opp med nye forretningsområder for å kunne gi eit betre tilbod til både eigarar og NAV. Dette har imidlertid vore vanskeleg grunna den økonomiske situasjonen verksemnda har kome i. Til tross for dette, er grunnlag for drift framleis til stades.



Dei fast tilsette i 2013 har vore:

Arve Vange	Dagleg leiar	f.o.m 02.09.13
Terje Crowo	Konst.dagleg leiar	t.o.m 02.09.13
Lars Frøystein	konst.avdelingsleder verksted	
Vibeke Valestrand	drift – og attføringsleder Ollsvollstranda	
Leif Indrevær	arbeidsleiar	
Inge Kvamme	arbeidsleiar	
Vigdis Namtvedt	kontorsekretær	t.o.m 30.04.13
Trond Abelsen	instruktør	
Rune Myhr	instruktør/tiltaksansvarlig	
Åge Torgilstveit	instruktør	
Rita Johansen	reinhold/kantine	
Bjørn Dale	produksjonsarbeidar	
Tore Sæle	produksjonsarbeidar	
Bjørn Tore Sivertsen	produksjonsarbeidar	
Tryggve Gran	instruktør	
Viviann Kjøpstad	instruktør	
Ruben Lokøy	instruktør	
Catherine Savides	instruktør	
Elise Gundersen	instruktør	
Charlotte Lilleheil	instruktør	
Hilde Torvanger	instruktør	
Therese Raa	instruktør	f.o.m 02.01.13
Christian Ottesen	instruktør	f.o.m 01.03.13
Laila Markussen	instruktør	f.o.m 01.04.13 t.o.m 15.09.13



Styret og styret sitt arbeid

Etter val på generalforsamlinga 2013 er samansetjinga av styret slik:

Morgan Taule	styreleiar
Eldbjørg Valle	nestleiar
Helge Dyrkolbotn	styremedlem
Nina Bognøy	styremedlem
Ragnar Bratland	styremedlem
Solveig Lerøy	styremedlem
Svein Arne Dale	styremedlem

I 2013 har styret hatt 5 ordinære styremøte og handsama 26 saker, som alle omhandla den daglege drifta. Enkelte medlemmer i styret har i denne perioden i tillegg hatt fleire møte i samband med tilsetjing av ny dagleg leiar. Ny dagleg leiar vart tilsett 01. september 2013.

ARBEIDSMILJØ

Arbeidsmiljøet i Nordhordland Industriservice as 2013 har vist positiv utvikling i løpet av 2013. Ein har klart å leggje bak seg tidlegare utfordringar, og i langt større grad kunna retta blikket framover. Me har i 2013 hatt langt betre tilhøve for å kunna ha fokus på drift og utvikling av selskapet. Drifta har vore leia av konstituert dagleg leiar Terje Crowo fram til ny dagleg leiar vart tilsett 01. september.


LIKESTILLING

Bedrifta har ved utgangen av året 22 fast tilsette, 14 menn og 8 kvinner.

Styret er sett saman av 4 menn og 3 kvinner. Styret har ut frå vurdering av storleiken på bedrifta, tal på tilsette og stillingskategoriar ikkje funne det nødvendig å setje i verk spesielle tiltak med omsyn til likestilling.

ØKONOMI – REKNESKAP

Årets resultat er også dette året negativt, med ein nedgang på begynnelsen av året. Til tross for underskotet har verksemda framleis betydeleg eigenkapital kr. 11 023 829. Verksemda vil sette i verk tiltak for og redusera kostnadane.



Årsmelding 2013

Føresetnaden for framhald av drifta er til stades, og årsrekneskapen for 2013 er sett opp med denne føresetnaden. Etter styret si meining syner framlagt resultatrekneskap og balanse, med tilhøyrande noter, eit rett bilete av resultatet for 2013.

Olsvollstranda, 25. april 2014



Morgan Taule

styreleiar



Eldbjørg Vålle

nestleiar



Helge Byrkolboth

styremedlem



Svein Arne Dale

styremedlem



Solveig Lerøy

styremedlem




Nina Bognøy

styremedlem



Ragnar Bratland

styremedlem



Generalforsamlinga 2013

Generalforsamlinga 2013 blei halde på Nordhordland Industriservice a.s, Olsvollstranda.

Av 13 aksjeeigarar var 6 til stades. Desse representerte 76,3 % av aksjekapitalen.

Tilstade frå styret: Hans Otto Robberstad.

Elles møtte: Lars Frøystein og Terje Crowo.

Val

Generalforsamlinga valde som styremedlemmer for 2 år:

Nina Bognøy, Ragnar Bratland og Solveig Lerøy.

Orienteringar

Budsjett og arbeidsplan for 2013 blei lagt fram og drøfta.



Attføringsmeldinga 2013

2013 har vore eit utfordrande år for Nordhordland Industriservice AS. Ein merkar framleis utfordringar med omsyn til den nye betalingsordninga for tiltaka i skjerma verksemd som vart innført i 2012.

Det har også vore utfordrande på grunn av nye innsøkningsrutiner hjå NAV i Hordaland. Dei lokale NAV kontora søkjer no inn til felles innsøkningsnummer i tiltaka Avklaring i skjerma verksemd og Arbeidspraksis i skjerma verksemd. NAV Tiltak, Intro og Marknad (NAV TIM) fordeler så ut deltakarar til dei tiltaksarrangørane som har ledig kapasitet i forhold til antal tildelte plassar. I praksis betyr dette at me ikkje kan starte opp deltakarar før me har fått dei tildelt frå NAV TIM. I periodar har me ikkje klart å fylle opp tiltaka i forhold til dei rammene me har.

Verkstaden på Olsvollstranda har også i 2013 hatt utfordringar i forhold til å fylle opp tiltaka som nyttast inn mot den mekaniske produksjonen. NAV kontora i Nordhordland har i liten grad søkt inn deltakarar som ynskjer opplæring i mekaniske fag og ein har såleis hatt ledige plassar i APS og KIA tilknytt verkstaden. Varierende ordretilgang og utfordringar i forhold til å ferdigstilla ordrar, har gjeve oss store utfordringar på inntektssida i verkstaden.

Verksemda har i løpet av 2013 formidla totalt 56 personar til arbeid eller utdanning, som er likt med 2012. Formidlinga skjer ut i frå alle tiltak, med hovudvekt på tiltaka avklaring og AB. Me har i tillegg 15 personar som har gått tilbake til sin opprinnelige arbeidsgivar i frå Avklaring for sjukemeldte arbeidstakarar.

Fire arbeidstakarar har i 2013 fullført fagutdanning i CNC-faget. Desse fire har vore tilsett som ordinære lærlingar / TAF-lærlingar hos oss. Ingen i tiltaket Kvalifisering i Arbeidsmarknadsbedrift (KIA) har i 2013 fullført kvalifisering med fagbrev. I løpet av 2013 er det skriva to nye lærekontraktar med ordinære lærlingar, og vi har også tatt inn to elevar gjennom TAF-ordninga som skal skriva lærekontrakt i 2015. Det blei skriva ein ny lærekontrakt med kandidat i KIA-tiltaket i 2013, men denne kandidaten gjorde i løpet av året eit omval og avslutta tiltaket. Frå KIA-tiltaket gjekk det ut to andre kandidatar; ein grunna sjukdom og den andre grunna oppnådd tid.

Nordhordland Industriservice AS har hatt inne totalt 653 personar på ulike tiltak i løpet av 2013. Dette er ein nedgang på 11 personar samanlikna med 2012. Under følgjer ei oversikt over kva tiltak NIS har, og kor mange personar som har teke del i det einskilde tiltak i 2013.

Tiltak:	Antall plassar:	Tal personar:
Avklaring i Skjerma Verksemd	35	269
Avklaring for ordinære arbeidssøkarar	Inntil 100 samstundes	163
Raskare tilbake		120
APS	28	67
Arbeid med Bistand	1 tilretteleggar (12 plassar)	19
Tilrettelagt arbeid i AMB	9 årsverk	8
Kvalifisering i AMB	9 årsverk	7

Vidare følgjer nærare presentasjonar av dei ulike tiltaka.

Avklaring i Skjerma Verksemd:

Avklaringstiltaket skal gje kvar deltakar ein vidare og realistisk handlingsplan i attføringsløpet, basert på interesser, erfaringar, og sin eigen helsemessige situasjon. Deltakarane må gjennom både ein kartleggingsdel og ein praksisdel, og lengda kan vera opptil 12 veker. Deltakarar i dette tiltaket vert no enten søkt inn til kursavdelinga i Eidsvåg, eller til Olsvollstranda.

Nordhordland Industriservice AS hadde i løpet av 2013 inne totalt 269 personer som utgjer 377,08 månadsverk i *Avklaring i Skjerma Verksemd*. Dette utgjer ein auke i antal personer men ein nedgang i antal månadsverk. Grunnen til nedgang i antal månadsverk, er at dei har vore kortare tid i tiltaket.

Månadsverk i Avklaring i Skjerma Verksemd fordelt på kommuner:

Kommune	2012	2013
<i>Austrheim kommune</i>	0,10	2,89
<i>Askøy kommune</i>	15,44	13,96
<i>Bergen kommune</i>	350,26	286,90
<i>Fedje kommune</i>	0,48	0
<i>Fjell kommune</i>	2,03	11,94
<i>Lindås kommune</i>	23,45	19,15
<i>Meland kommune</i>	16,14	2,13
<i>Os kommune</i>	5,52	3,72
<i>Osterøy kommune</i>	1,83	4,34
<i>Radøy kommune</i>	19,23	25,87
<i>Vaksdal kommune</i>	0	3,27
<i>Øygarden kommune</i>	0	2,90

APS (Arbeidspraksis i skjerma verksemd).

APS er eit tiltak for dei som treng å styrkje sine utsikter til å komma i arbeid eller utdanning. Tiltaket vert ofte nytta for å vurdere kva arbeidsevne ein person har, og Nordhordland Industriservice AS har både APS-deltakarar i arbeidspraksis internt på Olsvollstranda og i Eidsvåg, og i eksterne bedrifter. I løpet av tiltaksperioden skal det jevnleg vurderast om det er utvikling i saka, og dersom deltakar er ferdig avklart, skal tiltaket avsluttast. Varigheita i tiltaket er som regel 6-12 månader, men dersom det er hensiktsmessig kan tiltaket forlengast med ytterligere 6-12 månader.

Nordhordland Industriservice AS hadde i løpet av 2013 inne totalt 67 personar som utgjer 262,77 månadsverk i *APS-tiltaket*.

Månadsverk i APS fordelt på kommuner:

Kommune	2012	2013
<i>Askøy</i>	11,29	9,84
<i>Bergen kommune</i>	252,74	208,56
<i>Lindås kommune</i>	11,04	34,14
<i>Meland kommune</i>	5,03	0,65
<i>Fjell kommune</i>	0	2,00
<i>Radøy kommune</i>	13,94	0
<i>Fedje kommune</i>	4,55	7,58



Kvalifisering i AMB (KIA):

Kvalifisering i AMB er eit tiltak som skal gje deltakarar ein høgare reell og formell kompetanse, gjennom tilrettelagt opplæring og arbeidstrening. Ein deltakar med dei rette personlege forutsetningane, kan i dette tiltaket til dømes få tilbod om å ta fagbrev som CNC-operatør i den mekaniske verkstaden v/Olsvollstranda.

I 2013 hadde Nordhordland Industriservice AS totalt inne 7 personar som utgjer 50,84 månadsverk i dette tiltaket. Dette er same antal som året før.

Månedsverk i Kvalifisering fordelt på kommuner:

Kommune	2012	2013
<i>Osterøy</i>	12,00	12,00
<i>Bergen</i>	7,7	2,19
<i>Lindås</i>	6,43	6,23
<i>Fedje</i>	0	4,42
<i>Radøy</i>	15,39	26,00

Tilrettelagt arbeid i AMB (TIA):

Tilrettelagt arbeid i AMB er eit tiltak for dei som har små moglegheiter for arbeid i det ordinære arbeidsliv. Formidling til eit ordinært arbeid skal likevel vurderast jevnleg.

I løpet av 2013 var det 8 personar som utgjer 82,75 månadsverk inne i tiltaket. Dette er eit stabilt og langvarig tiltak og det er ikkje store endringar frå år til år.

Månedsverk i Tilrettelagt fordelt på kommuner:

Kommune	2012	2013
<i>Bergen</i>	8,00	22,39
<i>Meland</i>	11,48	0
<i>Radøy</i>	12,00	12,00
<i>Lindås</i>	48,00	48,00
<i>Austrheim</i>	12,00	0,35

Arbeid med Bistand (AB):

Arbeid med Bistand er eit tiltak som starta opp hausten 2008. Personar i tiltaket skal få hjelp til å få eller behalde eit arbeid i det ordinære arbeidsliv. Lengda vert tilpassa deltakaren sitt individuelle behov, men maksimal tid er inntil 3 år.

I løpet av 2013 var det 19 personar som utgjer 102,20 månadsverk, inne i tiltaket. Dette tiltaket er enno ikkje berørt av den nye betalingsordningen og me får betalt for 12 plassar uansett. Det var 13 personer som slutta i AB, av desse vart 3 formidla til ordinært arbeid. Dette utgjer ein formidlingsprosent på 23,08 %.



Månedsværk i Arbeid med bistand fordelt på kommuner:

Kommune	2012	2013
<i>Bergen</i>	<i>113,95</i>	<i>82,55</i>
<i>Osterøy</i>	<i>0</i>	<i>8,30</i>
<i>Radøy</i>	<i>0</i>	<i>4,88</i>
<i>Lindås</i>	<i>0</i>	<i>6,47</i>

Nordhordland Industriservice AS vil med dette takka alle medarbeidarar for ein svært god innsats i 2013.

Olsvollstranda, 23.04.2014



Budsjett

Budsjett 2014 Nordhordland Industriservice AS

	Budsjett 2014	% av salg
3010 Salgsinntekter, 25% mva	8 000 000	32,5%
Salgsinnt., avg pliktige	8 000 000	32,5%
3110 Salgsinntekter, avg.frie	50 000	0,2%
Salgsinnt., avgiftsfrie	50 000	0,2%
3240 Salg kantine avg.fritt	90 000	0,4%
Salgsinnt., utenfor avg.omr	90 000	0,4%
3400 Tilskudd for lærlinger	120 000	0,5%
3410 Tilskudd Arbeid med Bistand	679 614	2,8%
3420 Tilskudd Avklaring i skjermet	4 982 686	20,2%
3430 Tilskudd AMB - KIA	1 599 260	6,5%
3440 Tilskudd AMB - TIA	968 727	3,9%
3450 Tilskudd APS	4 971 439	20,2%
3460 Tilskudd Avklaring Anbud	3 179 000	12,9%
Off. tilskudd/ refusjoner	16 500 726	67,0%
Driftsinntekter	24 640 726	100,0%
4010 Varekjøp avg.pl. 25%	-900 000	-3,7%
4080 Emballasje	-15 000	-0,1%
Forbruk av råvarer/ halvfab	-915 000	-3,7%
4300 Varekjøp kantine	-60 000	-0,2%
Varer for videresalg	-60 000	-0,2%
4510 Leid hjelp	-50 000	-0,2%
Fremmedytelser og underentr	-50 000	-0,2%
Vareforbruk	-1 025 000	-4,2%
Bruttofortjeneste	23 615 726	95,8%
5000 Fast lønn	-8 961 467	-36,4%
5010 Timelønn	-3 538 370	-14,4%
5090 Feriepenger	-1 503 281	-6,1%
Lønn til ansatte	-14 003 118	-56,8%
5252 Koll. ulykkesforsikring	-14 350	-0,1%
5281 Reiserforsikring ansatte	-1 632	0,0%
Fordeler i arb. forhold	-15 982	-0,1%
5330 Styrehonorar	-120 000	-0,5%
Andre godtgjørelser oppgpl.	-120 000	-0,5%
5400 Arbeidsgiveravgift	-2 163 047	-8,8%
5420 Ytelsespensjon	-607 380	-2,5%
5515 Innskuddspensjon	-182 818	-0,7%
5520 Opplysn./sluttvederlagsordn.	-28 776	-0,1%
5521 Avtalefestet pensjon	-227 744	-0,9%
Arbeidsgiveravgift og pensj	-3 209 765	-13,0%
5510 Bedriftshelsetjeneste	-22 340	-0,1%
Andre kostnadsgodtgjørelser	-22 340	-0,1%
5920 Yrkesskadeforsikring	-36 196	-0,1%
5991 Annen personalkostnad	-115 000	-0,5%
Andre personalkostnader	-151 196	-0,6%



**Budsjett 2014
Nordhordland
Industriservice AS**

Budsjett 2014 % av salg

Lønnskostnad	-17 522 401	-71,1%
6011 Avskrivinger	-762 940	-3,1%
6012 Avskr. nye invest. i 2014	-58 000	-0,2%
Av- og nedskrivinger	-820 940	-3,3%
6100 Frakter ved salg	-46 000	-0,2%
Frakt og transport v/ salg	-46 000	-0,2%
6310 Leie av lokaler	-682 420	-2,8%
6311 Leie av parkering	-15 448	-0,1%
6320 Renovasjon, vann ol.	-25 285	-0,1%
6340 Lys, varme	-339 352	-1,4%
6360 Renhold	-120 902	-0,5%
6391 Felleskost. senterforrening	-56 480	-0,2%
6399 Alarmabonnement	-3 600	0,0%
Kostnad lokaler	-1 243 487	-5,0%
6415 Leie frankeringsmaskin	-2 032	0,0%
6430 Leie andre kontormaskiner	-11 694	0,0%
6490 Annen leiekostnad	-12 000	0,0%
Leie maskiner, inventar mv.	-25 726	-0,1%
6500 Verktøy/utstyr	-391 000	-1,6%
6540 Inventar/utstyr	-60 765	-0,2%
6551 Data	-45 000	-0,2%
6552 Programvare anskaffelse	-50 000	-0,2%
6553 Programvare vedlikehold	-45 500	-0,2%
6570 Arbeidsklær og vemeutstyr	-20 000	-0,1%
Verktøy, inventar, driftsm.	-612 265	-2,5%
6600 Reparasjon og vedl. bygninger	-100 000	-0,4%
6620 Reparasjon og vedl. utstyr	-205 000	-0,8%
Reparasjon og vedlikehold	-305 000	-1,2%
6700 Revisjonshonorar	-52 530	-0,2%
6705 Regnskapshonorar	-210 000	-0,9%
6720 Honorar økonom-fjurdisk	-120 000	-0,5%
6730 Kvalitetssikring	-16 900	-0,1%
Fremmede tjenester	-399 430	-1,6%
6800 Kontorrekvisita	-70 500	-0,3%
6820 Kopimaskin sort/fargekopier	-60 000	-0,2%
6830 Datakort, tester mm	-16 000	-0,1%
6840 Aviser, tidsskrifter, bøker ol	-16 835	-0,1%
6860 Møte, kurs, oppdatering ol	-135 000	-0,5%
Kontorrekvisita	-298 335	-1,2%
6900 Telefon/Internett/Breiband	-61 325	-0,2%
6905 Mobiltelefon	-96 973	-0,4%
6940 Porto	-37 099	-0,2%
Telefon og porto	-195 397	-0,8%
7000 Drivstoff	-12 500	-0,1%
7020 Vedlikehold SU54321	-35 000	-0,1%
7040 Forsikring/Årsavgift	-8 358	0,0%
Kostnad transportmidler	-55 858	-0,2%
7100 Bilgodtgj. oppgavepliktig	-163 400	-0,7%

**Budsjett 2014
Nordhordland
Industriservice AS****Budsjett 2014 % av salg**

7101 Passasjertillegg	-8 000	0,0%
7140 Reisekostnad, ikke oppg.pl.	-20 000	-0,1%
7141 Parkering, bom	-22 500	-0,1%
Reise/ diett	-213 900	-0,9%
7320 Reklamekostnad	-55 000	-0,2%
7321 Markedsføring Knarvik Senter	-18 460	-0,1%
Salg, reklame og repr.	-73 460	-0,3%
7400 Kontingent, fradragsber.	-92 918	-0,4%
Kontingenter og gaver	-92 918	-0,4%
7500 Forsikringspremie	-45 230	-0,2%
7550 Servicekostnad	-40 000	-0,2%
Forsikringer, garantikostn.	-85 230	-0,3%
7750 Eiendomsskatt	-34 748	-0,1%
7770 Bank og kortgebyr	-5 000	0,0%
7790 Annen kostnad	-13 000	-0,1%
Andre kostnader	-52 748	-0,2%
Andre driftskostnader mv.	-4 520 695	-18,3%
Driftsresultat	1 572 630	6,4%

Budsjett 2014 Nordhordland Industriservice AS

	<i>Budsjett 2014</i>	<i>% av salg</i>
<i>Driftsinntekter</i>	24 640 726	100,0%
<i>Vareforbruk</i>	-1 025 000	-4,2%
<i>Bruttofortjeneste</i>	23 615 726	95,8%
<i>Lønnskostnad</i>	-17 522 401	-71,1%
<i>Andre driftskostnader mv.</i>	-4 520 695	-18,3%
<i>Driftsresultat</i>	1 572 630	6,4%

Styret i Nordhordland Industriservice a.s 2013

		<i>Tlf. privat</i>	<i>Tlf. arbeid</i>
Morgan Taule	styreleiar	41 10 53 36	
5938 Sæbøvågen			
Eldbjørg Valle	nestleiar	99 16 01 09	
5912 SEIM			
Helge Dyrkolbotn	styremedlem	48 21 30 51	56 16 20 00 Austrheim kommune
5911 Alversund			
Nina Bognøy	styremedlem	476 53 705	56 35 29 96
5943 AUSTRHEIM			
Ragnar Bratland	styremedlem	412 09 691	56 17 94 98
5918 Frekhaug			
Svein Arne Dale	styremedlem	93 01 79 34	55 99 94 00 Frank Mohn Flatøy avd. Flatøy
5918 Frekhaug			
Solveig Lerøy	styremedlem	952 13 012	56 16 75 05
5943 Austrheim			
Helge Frosta	revisor	92 09 62 08	55 90 72 86
Helge Frosta A/S			
Postboks 118 Sentrum			
5804 BERGEN			



**Årsoppgjør 2013
for
Nordhordland Industriservice AS**

Foretaksnr. 929200764



Resultatregnskap

	Note	2013	2012
DRIFTSINNEKTER OG DRIFTSKOSTNADER			
Driftsinntekter			
Inntekter	1.2	20 093 700	21 327 746
Sum driftsinntekter		20 093 700	21 327 746
Driftskostnader			
Varekostnad		1 284 489	1 609 347
Lønnskostnad	3	16 076 250	16 461 783
Avskrivning på varige driftsmidler	4	763 805	866 832
Annen driftskostnad	3	3 978 859	2 925 853
Sum driftskostnader		22 103 403	21 863 816
DRIFTSRESULTAT		(2 009 703)	(536 070)
FINANSINNEKTER OG FINANSKOSTNADER			
Finansinntekter			
Annen renteinntekt		127 298	202 119
Annen finansinntekt		0	200
Sum finansinntekter		127 298	202 319
Finanskostnader			
Annen rentekostnad		112	85
Annen finanskostnad		0	6 824
Sum finanskostnader		112	6 909
NETTO FINANSPOSTER		127 186	195 410
ORDINÆRT RES. FØR SKATTEKOSTNAD		(1 882 516)	(340 660)
Skattekostnad på ordinært resultat		0	0
ORDINÆRT RESULTAT		(1 882 516)	(340 660)
ARSRESULTAT		(1 882 516)	(340 660)
OVERFØRINGER OG DISPONERINGER			
Overføringer annen egenkapital		(1 882 516)	(340 660)
SUM OVERFØRINGER OG DISPONERINGER		(1 882 516)	(340 660)



Balanse pr. 31.12.2013

	Note	31.12.2013	31.12.2012
EIENDELER			
ANLEGGSMIDLER			
Varige driftsmidler			
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	4	3 486 222	3 632 020
Maskiner og anlegg	4	67 317	96 548
Driftsløsøre, inventar, verktøy, kontorm.	4	2 083 830	2 656 129
Sum varige driftsmidler		5 637 370	6 384 697
SUM ANLEGGSMIDLER		5 637 370	6 384 697
OMLØPSMIDLER			
Varer	5	773 883	804 958
Fordringer			
Kundefordringer	6	2 087 379	940 915
Andre fordringer		80 412	1 798 208
Sum fordringer		2 167 791	2 739 123
Bankinnskudd, kontanter o.l.		5 608 934	6 324 522
SUM OMLØPSMIDLER		8 550 608	9 868 603
SUM EIENDELER		14 187 978	16 253 300
EGENKAPITAL OG GJELD			
EGENKAPITAL			
Innskutt egenkapital			
Selskapskapital	7	565 000	565 000
Sum innskutt egenkapital		565 000	565 000
Opptjent egenkapital			
Annen egenkapital		10 458 829	12 341 345
Sum opptjent egenkapital		10 458 829	12 341 345
SUM EGENKAPITAL		11 023 829	12 906 345
GJELD			
KORTSIKTIG GJELD			
Leverandørgjeld		508 833	279 449
Skyldig offentlige avgifter		1 260 222	1 736 972
Annen kortsiktig gjeld		1 395 094	1 330 533
SUM KORTSIKTIG GJELD		3 164 150	3 346 954
SUM GJELD		3 164 150	3 346 954
SUM EGENKAPITAL OG GJELD		14 187 978	16 253 300





Balanse pr. 31.12.2013

Note 31.12.2013 31.12.2012


Olsvollstranda, 27.3.2014


Morgan Taule
Styrefeder


Eldbjørg Valle
Nestleder


Ragnar Bratland
Styremedlem


Helge Byrkjollbotn
Styremedlem


Nina Bognøy
Styremedlem


Svein Arne Dale
Styremedlem


Solveig Helleland Lerøy
Styremedlem


Arve Vange
Daglig leder



Noter 2013

Note 1 - Regnskapsprinsipper

Arsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapsloven og god regnskapsskikk. Selskapet har videre fulgt relevante bestemmelser i Norsk Regnskaps Standard utarbeidet av Norsk Regnskaps Stiftelse.

De regnskapsprinsipper som er gjengitt i regnskapslovens kap. 4 om grunnleggende prinsipper og god regnskapsskikk og kap. 5 om vurderingsregler er ikke gjengitt i denne innledende noten om regnskapsprinsipper dersom det ikke foreligger forhold ved regnskapsposten eller prinsippene og vurderingsreglene som fordrer en presisering (valgadgang mv).

Unntaksreglene i regnskapsloven for små foretak er anvendt der annet ikke er angitt spesielt.

Selskapet driver ikke skattepliktig virksomhet. Det er derfor ikke beregnet skattekostnad, betalt skatt og utsatt skatt.

Note 2 - Annen driftsinntekt

Inntekter består av:

Tekst/År:	I år	I fjor
Salg, utleie, kurs	6 157 390	6 336 916
Attføringstilskudd	13 575 406	14 750 892
Kantine, lærlinger, leieinntekter mm	360 904	239 938
Sum	20 093 700	21 327 746

Note 3 - Lønnskostnad

	I år	I fjor
Lønn	13 104 645	12 921 908
Arbeidsgiveravgift	1 931 254	2 032 307
Pensjonskostnader	432 700	1 054 857
Andre lønnsrelaterte ytelser	607 651	452 711
Totalt	16 076 250	16 461 783



Noter 2013

Refusjon sykelønn utgjør kr 252 859.

Utbetalinger til ledende ansatte og revisor:

Terje Crowo var konstituert som daglig leder frem til 1.9.2013 og hadde lønn og annen godtgjørelse på kr 444 394 i den perioden.

Arve Vange ble ansatt 1.9.2013 og har mottatt lønn og annen godtgjørelse på kr 248 668.

Styremedlemmer	120 000
----------------	---------

Tall på ansatte , inkl tiltaksplasser:	36
--	----

Fast ansatte	22
--------------	----

Selskapet har to pensjonsordninger:

Ytelsesbasert ordning i Vital for de ansatte (10 medlemmer). De ansatte betaler ikke egenandel. Premiefondet utgjør kr 391 901 pr 31.12.2013.

Det ble i 2010 også etablert en innskuddsbasert ordning (OTP) for de yrkeshemmede. Avtalen har virkning tilbake til 2006.

Det er ikke foretatt aktuarberegning og foretas ingen avsetning i regnskapet (balanseføring) av pensjonsmidler/forpliktelser. Premiebetaling kostnadsføres løpende.

Revisjonshonorar er kostnadsført med kr 51 000, herav øvrige tjenester utgjør kr 20 000.



Noter 2013

Note 4 - Avskrivning på varige driftsmidler

Avskrivningstablå for varige driftsmidler

	Tomter bygning og annen fast e	Maskiner og anl	Driftsløsere i verktøy kontor	Sum
Anskaffelseskost pr 1/1	7 286 250	234 439	10 359 478	17 880 167
+ Tilgang	0	0	16 474	16 474
- Avgang	0	0	0	0
Anskaffelseskost pr 31/12	7 286 250	234 439	10 375 951	17 896 640
Akk av/nedskr pr 1/1	3 654 230	137 890	7 703 349	11 495 469
+ Ordinære avskrivninger	145 800	29 232	588 773	763 805
+ Avskr. på oppskrivning	0	0	0	0
- Tilbakeført avskrivning	0	0	0	0
+ Ekstraord nedskrivninger	0	0	0	0
Akk av/nedskr. pr 31/12	3 800 030	167 122	8 292 122	12 259 274
Balanseført verdi pr 31/12	3 486 220	67 317	2 083 830	5 637 367
Prosent for ord avskr	2-2	10-20	10-33	

Note 5 - Varer

Råvarer er vurdert til kostpris. Varer i arbeid og ferdigvarer er vurdert til salgsverdi, minus 15-20%. Ukurante varer er bokført til virkelig verdi.

Note 6 - Kundefordringer

Kundefordringer er vurdert til laveste av pålydende og virkelig verdi.

Note 7 - Selskapskapital

Selskapet sin aksjekapital er på kr 565 000 fordelt på 1 130 aksjer pålydende 500 kr.

Selskapets aksjonærer pr 31.12:

Navn	Antall aksjer	Prosent
Lindås kommune	300	26,5%
Hordaland fylkeskommune	200	17,7%
Radøy kommune	131	11,6%
Meland kommune	105	9,3%
Sparebanken Vest	100	8,8%



Noter 2013

Austrheim kommune	77	6.8%
Masfjorden kommune	57	5,0%
Norsk Hydro	50	4.4%
Frank Mohn Flatøy AS	50	4.4%
Statiol Mongstad	30	2.7%
Fedje kommune	26	2.3%
Adv Olav Jordal (døde i 2008)	2	0.2%
Nordhordl Handv%Industrilag	2	0.2%
Sum	1 130	100.0%



Vedtekter for Nordhordland Industriservice a.s

**VEDTEKTER
FOR
NORDHORDLAND INDUSTRISERVICE a.s**

§ 1

Selskapet sitt namn er **NORDHORDLAND INDUSTRISERVICE a.s**. Det har til formål gjennom produksjon og anna næringsverksemd å skapa grunnlag for sysselsetting og attføring av yrkeshemma.

Det primære vert attføring etter retningsliner frå Arbeidsdirektoratet.

§ 2

Selskapet har sitt forretningskontor i Radøy kommune.

§ 3

Selskapet sin aksjekapital er stor kr. 565.000,-, fordelt på 1130 aksjar à kr. 500,- lydande på namn.

Retten til å omsetja aksjane skal vera avgrensa slik at sal eller anna form for overdraging ikkje finn stad utan Generalforsamlinga si godkjenning.

Selskapet sitt overskot skal bli verande i verksemda og disponerast til formål som styrkjer framtidig drift.

§ 4

Selskapet skal leiast av eit styre på sju medlemer. Styremedlemene blir valde av Generalforsamlinga med ein valperiode på to år. Dette skal gjerast slik at fire er på val det eine året og tre på val det neste.

§ 5

Generalforsamlinga er selskapet sitt øvste styringsorgan. Røysterett på Generalforsamlinga har berre aksjeeigarar. Kvar aksje representerer ei røyst.



Aksjonærer kan møte ved fullmektig. Disse skal ha skriftleg fullmakt som må godkjennast av Generalforsamlinga.

Dagleg leiar har plikt til å vera tilstades i Generalforsamlinga og har der rett til å uttale seg. Rett til å møte og uttale seg i Generalforsamlinga har styret sine representantar.

§ 6

Ordinær Generalforsamling skal haldast innan utgangen av juni månad. Ekstraordinær Generalforsamling blir halden når styret finn det naudsynt, eller når aksjeeigar som representerer minst 1/10 av aksjekapitalen krev det.

§ 7

Styret kallar inn til ordinær Generalforsamling skriftleg seinast to veker før Generalforsamling skal haldast. Aksjeeigarane skal varslast om tidspunkt for Generalforsamling seks veker før den skal haldast, slik at dei innan ein frist på tre veker kan melda saker dei ynskjer skal takast opp av den ordinære Generalforsamlinga.

Med innkallinga til ordinær Generalforsamling skal fylgje:

- a) Sakliste
- b) Årsmelding frå styret
- c) Siste årsoppgjer som forutan årsmeldinga også skal innehalde resultatrekneskap og balanse
- d) Melding frå revisor
- e) Styret sine planar og årsbudsjett
- f) Andre spesifiserte saker som skal opp til behandling på Generalforsamlinga

Med innkallinga til ekstraordinær Generalforsamling skal fylgje sakliste og ei orientering frå styret om grunnane for tillysing av møtet. Innkallinga må skje skriftleg seinast to veker før ekstraordinær Generalforsamling skal haldast.

§ 8

Før generalforsamlinga tar til, skal di framlagte fullmaktene godkjennast. Det skal veljast ein person som skal leia generalforsamlinga. Det skal veljast ein sekretær til å føra protokoll frå generalforsamlinga.



Til handsaming på ordinær Generalforsamling er dei sakene som er vedlagde innkallinga.

Generalforsamlinga skal dessutan handsame og avgjere:

- a) Disponering av årsoverskot eller dekning av underskot i samsvar med den fastsette balanse.
- b) Andre saker som etter lov eller vedtekter høyrer under Generalforsamlinga.

Dernest skal der veljast:

- c) Styremedlemer
- d) Styreleiar og nestleiar for styret i selskapet
- e) Revisor når fungerande revisor trer ut
- f) Valnemnd på tre medlemer vald for tre år. Eit av medlemene skal stå på val kvart år. Ved første val vert medlemene vald for høvesvis 1, 2 og 3 år.

§ 9

Som Generalforsamlinga sitt vedtak gjeld det som meir enn 50% av røystene er avgitt for. Ved likt røystetal er framlegg ikkje vedtekne.

Vedtak om oppløysing av selskapet blir fatta på Generalforsamling der minst 75% av aksjekapitalen er representert.

Gyldig vedtak om oppløysing krev 2/3 fleirtal av dei møtande røystane, jfr. § 12.

§ 10

Styreleiaren skal leia styret si verksemd i samsvar med selskapet sine vedtekter. Styreleiaren kallar inn til styremøte når viktige saker gjer det naudsynt, eller når minst to av styremedlemene krev møte for handsaming av ei spesiell sak.

Eit styremøte er ikkje vedtaksført med mindre fleirtalet av medlemene deltek i møtet. Som styrevedtak gjeld det som fleirtalet av dei møtande har røysta for. For at eit vedtak skal vera gyldig må minst 1/3 av samtlege styremedlemer ha stemt for vedtaket. Ved likt røystetal gjeld det som styreleiar - eller den som er oppnemnd til å leia styremøtet - har stemt for.



Ved styremøte skal der først protokoll. Styret peiker ut to personar som er tilstades i møtet til å underskriva protokollen.

§ 11

Styret representerer selskapet mot omgjevnadene. Selskapet sin signatur har styreleiaren eller nestleiaren saman med eit styremedlem.

Styret kan melde prokura.

Styret tilset dagleg leiar, utformer stillingsinstruks og fastset lønsvilkår.

Forvaltninga av selskapet sine forhold høyrer under styret, som skal sørge for ei tilfredsstillande organisering av selskapet si verksemd.

Styret har plikt til å kontrollera at forretningsmessig rekneskapsførsel og formuesforvaltning er underlagt skikkeleg kontroll.

Dagleg leiar skal sørge for at selskapet si bokføring er i samsvar med lov og forskrifter, og at formuesforvaltninga er ordna på ein sikker måte.

Styret plikter å syte for forsvarleg assurance av selskapet sine anleggsmidlar, varelager og eventuelle andre aktiva.


§ 12

Dersom det vert gjort vedtak om å oppløyse selskapet skal Generalforsamlinga velja eit avviklingsstyre. Dette avviklar selskapet, krev inn uteståande fordringar og betaler inn gjeld.

Resterande formue skal i samråd med og etter godkjenning av tilskotsinstitusjonane nyttast ved tiltak til beste for yrkeshemma.

§ 13

Elles gjeld aksjelova sine føresegner.



Vedtektene for Nordhordland Arbeidssenter A/S vart vedtekne på Generalforsamling 7. mars 1980.

Endringar i desse vedtektene vart føreteke på Generalforsamling 27. februar 1990.

Nordhordland Arbeidssenter A/S skifta namn til:

NORDHORDLAND INDUSTRISERVICE A/S frå 1. januar 1992.

Vedtektene slik dei her ligg føre vart godkjent av Generalforsamlinga 26. mai 2010 (sak 7).

